



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Egil Hauge, 5557 2350  
Brooke Wilkerson, 5557 2323

Vår dato  
20.02.2015  
Dykkar dato  
05.11.2014

Vår referanse  
2013/1489 421.3  
Dykkar referanse  
14/710

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

### **Samordna uttale med motsegn - fyrste gongs offentleg ettersyn - Radøy – gnr. 21 bnr. 12 mfl. - Sylta - Dudlatun - detaljregulering**

Vi viser til brev av 5.11.14. Saka gjeld melding om offentleg ettersyn av reguleringsplan, gnr. 21 bnr. 12 mfl., Radøy kommune. Vi viser òg til brev av 22.08.2013, der det er orientert om rutinar med vidare i samband med *Forsøk med samordning av statlege motsegner i arealplansaker*.

**Fylkesmannen sender med dette over statleg motsegn som er fremja mot planforslaget. Motsegna er fremja av Fylkesmannen og heng saman med at planen strir mot overordna planar og opnar opp for tiltak som er i strid med det statlege byggeforbodet i strandsona, samt at den kan få negative verknader for naturmangfald, landskap og friluftsliv i eit område med viktige, dokumenterte verdiar.**

**Vidare har Statens vegvesen peika på at planen kan ha negative verknader for trafikktryggleiken. Fylkesmannen støttar dette synet og fremjar motsegn til manglande handtering av trafikktryggleik i planen.**

#### **Bakgrunn**

Reguleringsplanen er fremma av Skjærgårdsfisk AS. Planen legg til rette for eit visnings-senter for oppdrettsfiske, kontorplassar og lager ved sjøen, samt køyreveg til området og parkeringsplassar. Planen legg også til rette for ei småbåthamn og utviding av eksisterande kai. I kommuneplanen for Radøy er planområdet med unntak av vegen, vist som område for tenesteyting. Området der køyrevegen er planlagt er synt med arealføremålet landbruks-, natur- og friluftsføremål i gjeldande kommuneplan.

#### **Fylkesmannen si vurdering**

##### *Naturmangfald, strandsone og landskap*

Det er planlagt om lag 750 meter lang køyreveg inn til området, med tilhøyrande parkeringsplass. Vegen er regulert til fem meters breidde med tre møteplassar, der vegen har noko større breidde. Parkeringsplassen omfattar om lag 19 parkeringsplassar samt bussoppstillingsplass. Den ligg høgt og eksponert, med relativt kort avstand til sjøen. Området der vegen og parkeringsarealet skal byggjast er klassifisert som regionalt viktig friluftsområde på Risnes (jf. Område for friluftsliv, kartlegging og verdsetting av regionalt viktige område i Hordaland, 2008).

Tiltaka ligg vidare innanfor Syltaneset kystlyngheiområde som er verdsett som ein «svært viktig» naturtype av Miljødirektoratet. Med omsyn til landskap, vert store delar av vegen og parkeringsplassen lett synleg frå sjøen, i eit elles ubyggd landbruks-, natur- og friluftsområde.

Fylkesmannen meiner at planlagt veg og parkeringsplass er i strid med kommuneplanen og med statlege planretningslinjer for strandsona. Planskildringa drøftar ikkje verknaden av planen etter desse retningslinjene. Vi meiner det ikkje er tilrådeleg å opne opp for eit stort inngrep i eit område med lovgjevne byggeforbod og gjennom det opne for at friluft-, natur- og landskapsverdiane i området vert reduserte. Konsekvensane for naturmangfaldet er etter vårt syn underkommuniserte i planen. Planskildringa er dessutan ikkje utforma på ein måte som gjer at naturmangfaldlova sine miljørettsprinsipp, slik dei går fram av lovas §§ 8-12, kan ivaretakast på ein god måte, jf. naturmangfaldlova §7.

#### *Trafikktryggleik*

Vi viser her til vedlagt uttale datert 19.12.2014. frå Statens vegvesen (SVV). Av denne går det fram at den frie sikta i krysset mellom kommunal veg og fv. 409, der tilkomst til planområdet vil skje, er svært dårleg. SVV varsla allereie ved oppstart av planarbeidet om at det må stillast krav om at dette krysset må utbetrast i planen. I uttalen vert det no vist *til Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging*. Av desse retningslinjene går det fram at planlegging av arealbruk og transportsystem mellom anna skal fremje god trafikktryggleik.

SVV er uroa over at det kan skje trafikkulukker i det aktuelle krysset, dersom ikkje frisikta vert utbetra. Dei krev at det vert teke inn i føresegnene at krysset må utbetrast før det vert gjeve løyve til tiltak som fører til utvida bruk. Fylkesmannen har eit sjølvstendig ansvar for å medverke til at samfunnstryggleik vert teken vare på i planar og støttar Statens vegvesen si vurdering i denne saka.

#### **Andre planfaglege råd**

##### *Næringsareal*

Arealet som er planlagt brukt til visningssenter samt kontor- og lagerlokale er vist på plankartet som Næring (1300). Fylkesmannen meiner at kommunen, for å kunne styre utbygginga bør vurdere om plankartet bør syne visningssenterarealet som «Undervisning (1162)». Alternativt kan utbyggingsarealet visast som blanda føremål «Næring/tenesteyting (1814)». Planføresegnene bør då klargjere kor mykje areal som skal brukast til visningssenter og kor mykje areal som skal brukast til annan næring. Kommunen bør òg vurdere å setje rekkefølgekrav for ferdigstilling av visningssenteret før kontor- og lagerarealet kan takast i bruk.

##### *Småbåtanlegg og kai*

Trong for, og bruk av småbåthamn og utvida kai går ikkje klart fram av planføresegna eller planskildringa. Småbåthamn er ynska tilknytt til visningssenteret (planskildring 8.1), men det finst ikkje noko i føresegna som fastset koplinga mellom småbåthamn og visningssenter. Til dømes står det ikkje i føresegna om nokon av båtplassane skal vera nytta som gjesteplassar for gjester på visningssenteret.

Kaiarealet er òg føreslege utvida av omsyn til visningssenteret (planskildring 8.1). I tillegg er det nemnt at ei utviding av kaiområdet vil gjere det mogeleg å legge til med større båtar (planskildring 8.4). Forholdet mellom visningssenteret og større båtar kjem heller ikkje klart fram,

korkje i planføresegnene eller i planskildringa. Kommunen bør vurdere å krevje at dette vert gjort tydeleg i planen.

Fylkesmannen vil elles minne om at sjøområdet er ein del av Vardøy-Dyrøy-Sylta regionale friluftsområde. I reguleringsplanen er sjøområdet avsett som friluftsområde i sjø og vassdrag. Vi vil minne om at det ikkje er tillate med tiltak som kan redusere opplevingsverdiane i friluftsområde, jf. kommuneplanen 2.6.

### **Om samordningsprosessen – saksgang.**

Føremålet med forsøket med samordning av statlege motsegner til kommunale planar går fram av brev av 3.9.2013 frå Miljøverndepartementet. Målet er å få til ei meir effektiv og målretta handsaming av plansaker og eit betre samarbeid mellom kommunane og statlege styresmakter. Det er også eit mål at forsøket vil medverke til å styrke kvaliteten på dei kommunale arealplanane og gjere dei lettare å gjennomføre.

Dei statlige fagorgana sender i forsøksperioden sine uttaler, med motsegn, til Fylkesmannen. Fylkesmannen samordnar høringsuttalane i samråd med høringsinstansane og får dermed ei utvida rolle. Fylkesmannen skal vurdere motsegner og merknader som er komne inn og gje ei samla uttale til kommunen, der det vert teke stilling til kva motsegner som skal fremjast.

Fylkesmannen kan her avskjere ei motsegn, slik at denne ikkje blir fremja for kommunen, men då etter dialog med vedkomande styresmakt. Fylkesmannen skal elles i vurderinga si alltid ha fokus på motsegna sitt juridiske grunnlag (forankring, tidsfrist), samt på kva for viktige nasjonale/ regionale omsyn som vert råka av planforslaget. I denne vurderinga må det òg leggast vekt på det kommunale sjølvstyret.

Fylkesmennene kan i prosjektperioden sjølv finne praktiske løysingar for samordna uttale. I Hordaland har dette blitt løyst ved at det, innan utløp av høringsfristen, vert halde eit samordningsmøte mellom aktuelle statlege styresmakter og Fylkesmannen, der innhald i motsegnspunkta og forankringa av desse vert diskutert. Deretter vert kommunen invitert til et dialogmøte. Møtet er valfritt. Dersom kommunen ønskjer denne utvida dialogen vert det sendt ut ein samordna uttale i etterkant. Av denne uttalen vil det gå fram kva for motsegner som faktisk blir fremja, eventuelt avskorne eller vert rekna som uaktuelle etter at ein utvida dialog med kommunen som planstyresmakt er gjennomført.

### **Dialogmøte med kommunen.**

I tråd med ovannemnde opplegg for forsøksordninga vart Radøy kommune invitert til ein utvida dialog om motsegnspunkta. Møtet vart halde den 10.2.2015.

#### Til stades

##### Frå Radøy kommune

- Tonje N. Epland, leiar teknisk forvaltning
- Kjersti Flatråker, arealplanleggjar

##### Frå Statens vegvesen

- Kari Elster Moen, overingeniør
- Anne Marta Espelund, overingeniør

Frå Fylkesmannen

- Lars Sponheim, fylkesmann
- Egil Hauge, prosjektleiar – samordningsprosjektet
- Brooke Wilkerson, Rådgevar - KSA

### Tema som vart drøfta på møtet – referat

Lars Sponheim ønska velkomen og orienterte om samordningsforsøket. Aktuelle motsegnspunkt vart gjennomgått og drøfta, jamfør grunngjevinga ovanfor.

Kommunen tok motsegnspunkt og planfaglege råd til orientering og det var semje om at planen, slik han no ligg føre har i seg uløyste konfliktpunkt i høve til nasjonale og viktige regionale interesser. Det må difor arbeidast vidare med planen si løysing for trafikktryggleik og den føreslegne vegutløysinga for området må takast ut eller om mogeleg endrast på ein måte som kan akseptast i høve til natur- og friluftsverdiane.

### **Oppsummering**

Fylkesmannen fremjar motsegn til reguleringsplanen på bakgrunn av at køyrevegen og parkeringsplassen er vist i motstrid med kommuneplanen og vert vurdert å ha store negative verknader for landskap og naturmangfald av stor verdi. Planskildringa oppfyller ikkje dei krava som går fram av RPR for strandsona og naturmangfaldlova, i høve til å opplyse om verdier og drøfte planen sine verknader, jf. plan og bygningslova § 4.2 første ledd.

Køyrevegen og parkeringsplassen som er vist, er ikkje i tråd med kommuneplanen og utgjer eit stort inngrep for å utløse eit lita areal i strandsona. Planlagt veg og parkeringsareal vil byggje ned viktige natur-, friluftsliv- og landskapsverdier, i eit elles lite påverka område.

Vidare fremjar Fylkesmannen, med bakgrunn i Statens vegvesen sin uttale, motsegn i høve til at planen ikkje fangar opp trongen for ei trafikksikker kryssløysing mot fv. 409.

Vi rår elles til at intensjonane bak planen vert meir tydeleggjort i både plankartet og føresegnene. Kommunen bør mellom anna sikra at plankartet og føresegnene er i tråd med planlagt bruk av arealet. Deling mellom næringsareal og visningssenterareal bør tydeleggjerast. Vidare bør planlagt bruk av kai og småbåthamn fastsetjast i føresegnene.

Motsegna inneber at kommunen ikkje kan vedta planen. Vi legg til grunn at Radøy kommune som planstyresmakt no vil arbeide vidare med planen for å få løyst motsegnspunkta. Fylkesmannen og Statens vegvesen vil vere opne for ein vidare dialog.

Skulle kommunen kome til at ein likevel vil gå vidare med planen slik han ligg føre, vil alternativet vere å be om formell mekling, jf. plan og bygningslova § 5-6.

Med helsing

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Egil Hauge  
prosjektleder

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune      Postboks      5020      Bergen  
7900

Statens Vegvesen - Region Vest      Askedalen 4      6863      Leikanger